



## Statens vegvesen

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Behandlande eining: Region vest      Sakshandsamar/telefon: Marianne Skulstad / 55516253      Vår referanse: 16/78540-6      Dykkar referanse: 16/928 – 19/12027      Vår dato: 23.07.2019

### Varsel om motsegn – Områdeplan for Rylandshøgda – Meland kommune

Vi viser til framlegg til områderegulering for Rylandshøgda i Meland kommune, sendt på offentlig ettersyn med merknadsfrist 09.07.2019. Statens vegvesen har fått utvida frist til 23.07.2019.

Statens vegvesen vurderer at våre interesser som fagmynde for vegtransport, herunder trafikktryggleik, og som forvalter av fylkesveg, ikkje er ivaretatt i framlegg til områdereguleringsplan for Rylandshøgda.

Rekkefølgekrava i reguleringsplanen ivaretek ikkje trafikktryggleiken i stor nok grad, særleg knytt til born på skuleveg. Denne motsegna er knytt til vår rolle som statleg fagmynde med sektoransvar for trafikktryggleik og framkomst.

Planen opnar for utbygging nær opp til fylkesveg 564, og er i konflikt med pågåande planarbeid for strekninga. I tillegg ivaretek ikkje planframlegget omsynet til eit trygt og stabilt vegsamband forbi Leiro/Fløksand i tilstrekkeleg grad. Desse framlegga til motsegn er knytt til vår rolle som forvalter av fylkesveg på vegne av Hordaland fylkeskommune.

#### Føremål med planarbeidet

Føremål med områdereguleringa er å leggje til rette for utvikling av områdesenteret Vikebø. Innanfor planområdet skal det regulerast for bustader, ved etablering av nye bustadfelt og fortetting av eksisterande bustadområde. Områdereguleringa legg føringar for framtidige løysingar for infrastruktur, felles friareal, rammer for utbygging mm., og oppdeling av

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

utbyggingsområder med rekkefølgekav, samt rammer for framtidige detaljreguleringar i området.

### Vår rolle

Statens vegvesen skal sørge for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga.


I denne planen uttaler vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport, deriblant trafikktryggleik, og som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen.

### Om planframlegget og transportnettet

Planområdet ligg mellom dagens lokalsentrum på Vikebø, der barneskulen ligg, og eksisterande idrettsplass og ein barnehage. Dagens gang- og sykkeltilbod mellom desse målpunkta er på eksisterande bustadveg i planområdet. Denne vegen fungerer også som skuleveg for dei som bur i planområdet i dag, og er tilkomstveg til bustader. Det er ikkje fortau langs vegen. Eit av måla i planarbeidet, kap. 6.1 i planomtalen, har vore:

*«Sikra god og trygg gang- og sykkelveg mellom områdesenter Vikebø/Rosslund skule til Leirdalen idrettsanlegg. Leggja til rette for framtidig gang- og sykkelveg mot Frekhaug.»*

Det er fleire fylkesveger innanfor planområdet, både fv. 564 Rosslandsvegen og fv. 248 Eikelandsvegen/levegen. I dag er det ikkje trygt gang- og sykkeltilbod langs desse.



*Kart som syner framlegg til nytt vegsystem. Henta frå planomtalen. Rosslund barneskule ligg like nord for kartutsnittet, medan idrettsanlegget ligg i sør.*

### **Om trygg skuleveg**

Innleiingsvis viser vi til føresegn til kommuneplanens arealdel § 1.5.4, tredje kulepunkt:

*«For område avsett til framtidig bygg og anlegg kan det ikkje gjevast bruksløyve til nye bustader før:*

- *Fortau/bilfri gang- og sykkelveg til næraste skule er opparbeidd.»*

Statens vegvesen meiner nye utbyggingsområder må vurderast opp mot dette punktet i kommuneplanen, og at nye utbygginger ikkje må påføre vesentleg meir trafikk på vegar der det ikkje er trygt tilbod til mjuke trafikantar.

### **Utbygging vest for fv. 248**

For utbygging vest for fv. 248, ca. 20 nye bueiningar, er det vurdert at dei kan nytte eksisterande bustadgater, der dei går i blanda trafikk. I planframlegget er bustadvegane føreslått regulert til gatetun, og ein har lagt til grunn at det skal byggjast fartshumpar for å sikre dei mjuke trafikantane.

I handbok N100 Veg- og gateutforming står mellom anna følgjande om gatetun i kap B.4.4:

*«Gatetun er et område beregnet for opphold og lek hvor motorisert trafikk har begrenset tilgang og omfang.»*

Etter vår vurdering er det ikkje naturleg å nytte føremål gatetun i ein bustadveg, der ein legg til grunn at alle bustadene skal ha køyrbar tilkomst gjennom vegen, spesielt ikkje i eit område der ein må leggje til grunn at mange aktiviteter er bilbaserte. Vi vil stille spørsmål ved om ein har lagt opp til at biltrafikken i området skal ha avgrensa tilgang, jf. utdrag frå N100 ovanfor. Etter vår vurdering legg ein med dette opp til ei proforma regulering, som i praksis vil medføre auka bilkøyring i bustadvegar der mjuke trafikantar ikkje har separat tilbod. Vi vil rå til at ein endrar vegstandard til bustadveg, jf. kapittel B.6 i handbok N100, og at ein sett av areal til fortau langs bustadvegane i vestre del av planområdet.

Når det gjeld utbyggingsområda BKS5 og BFS4, så er dei plassert slik at all trafikk til/frå områda må køyre på bustadvegen o\_SGT2, som er skuleveg og gang/sykel-tilbod mellom Vikebø og Leirdalen. Statens vegvesen er kritisk til at ein påfører denne vegen auka trafikk, utan at dei mjuke trafikantane er sikra. Vi krevjer difor at desse områda blir teke ut av plankartet. **Vi har motsegn til dette punktet, som fagmynde for vegtransport. Motsegna kan løysast ved at områda BKS5 og BFS4 vert teke ut av planen.**

### Utbygging aust for fv. 248

For utbygging aust for fv. 248 foreslår kommunen følgjande føresegn, § 7.2 c):

- (...) «*Det kan ikkje gjevast rammeløyve eller løyve i eit trinn for tiltak på ubebygde tomter før oppgradering av Fv. 248 Eikelandsvegen gjennom planområdet er gjennomført eller sikra gjennomført gjennom utbyggingsavtale.*»

Statens vegvesen meiner denne føresegna ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar dei mjuke trafikantane i området, jf. krav om trygg skuleveg i kommuneplanens arealdel. Vi krevjer at føresegna vert endra slik at fv. 248, inkludert tilhøyrande gang- og sykkelveg gjennom planområdet, skal vere ferdig bygd før byggjeløyve for samtlege utbyggingsområder aust for fv. 248 i planområdet. Etter vår vurdering er det avgjerande at det vert sett rekkefølgjekrav om at gang- og sykkelvegen må vere ferdig opparbeid før byggjestart, for å sikre dei mjuke trafikantane som ferdast langs vegen i dag. Vi har motsegn til dette punktet, som fagmynde for vegtransport.

### Konflikt med reguleringsplan for fv. 564 Fløksand – Vikebø

Statens vegvesen utarbeider for tida framlegg til reguleringsplan for fv. 564 Fløksand–Vikebø, der ein legg til rette for vegutviding og gang- og sykkelveg på strekninga. Prosjektet er prioritert i Nordhordlandspakken. Traséen for fv. 564 går gjennom framlegg til områderegulering for Rylandshøgda, som ei utviding av dagens vegtrasé.

I framlegg til føresegn for Rylandshøgda, § 5.3 om bandlagde områder, står det:

«*a) Statens vegvesen arbeider med reguleringsplan for Fv 564 Fløksand – Vikebø. Fram til denne reguleringsplanen er godkjent er det ikkje lov med tiltak nærare enn 100 meter frå senterlinje på dagens Fv 564*»

I framlegg til plankart for Rylandshøgda vert fv. 564 regulert slik den ligg i dag, med varierende vegbredde, og utan å sette krav til horisontal- eller vertikalgeometri. Statens vegvesen meiner det er uheldig at ein i planen stadfester ein eksisterande situasjon som treng utbetring og der det pågår aktivt planarbeid. Ved ei slik stadfesting vert dagens vegutforming formalisert, inntil ny reguleringsplan føreligg.

Vi viser til vår uttale til oppstart av planarbeidet:

«*Statens vegvesen ber om at vi saman kan finne ein riktig avgrensing av dei to prosjekta, og halde kvarandre gjensidig orientert om status.*»

(...)

«*Kryss med fv. 248 bør inngå i plan for fv. 564.*»

Etter vår vurdering må områdereguleringsplanen avgrensast fysisk slik at den ikkje regulerer fv. 564 og areala innanfor byggjegrensa til denne, samt kryss med fv. 248 og byggegrensa innanfor kryssområdet, jf. veglova § 29, femte avsnitt. Statens vegvesen meiner det er uheldig at kommunen ikkje har teke kontakt for å avklare fysisk avgrensing av reguleringsplanen før planen vart sendt på offentleg ettersyn.

Statens vegvesen meiner vidare at planframlegget legg til grunn ei arealutvikling som ikkje er reell, og gjev signal om at areal nær fv. 564 kan verte framtidig byggjegrund. Dette kan auke verdien på arealet og gi auka kostnader for vegprosjektet. Ein veit allereie no at det vil verte trong for meir areal langs fylkesvegen enn planframlegget viser. Inntil reguleringsplan for fv. 564 er vedteke, kan ein ikkje legge til grunn arealutvikling som kan kome i konflikt med framtidig vegtrase. Vi viser til at byggjegrensa langs veggen er 50 meter etter veglova, og ved uttale til oppstart bad vi om at byggjegrensa langs fv. 564 vart sett til 30 meter. Dette må reknast frå ny senterlinje, som ikkje er endeleg avklart enno.

Statens vegvesen er difor av den oppfatning at fv. 564, inkl. ei byggjegrense på 50 meter frå vegmidte, bør takast ut av plankartet for Rylandshøgda. I kryssområdet mellom fv. 564 og fv. 248 må byggjegrense i samsvar med veglovas krav i kryssområdet takast ut, det vil sei 60x60 meter. På den måten sikrar ein areal til framtidig veganlegg og naudsynt areal til anleggsbelte for bygging av veggen.

**Statens vegvesen meiner framlegg til områdereguleringsplan er i konflikt med framtidig vegutbetring for fv. 564 Fløksand – Vikebø, og ber difor Hordaland fylkeskommune varsle motsegn mot planen.**

#### **Rekkjefølgekrav om tiltak ved Leiro**

Vi viser til føresegn 7.2 b) i planframlegget, der ein set rekkjefølgekrav til omlegging og utbetring av fv. 564 ved Leiro/Fløksand før tiltak i områda BKS7 a–c. Kravet er knytt til «gjennomført eller sikra gjennomført gjennom utbyggingsavtale».


Statens vegvesen visar til at det er svært dårlege grunntilhøve ved fv. 564 Leiro/Fløksand lenger aust i Meland. Det er difor viktig å avgrense utbygging på denne delen av Holsnøy inntil veggen er lagt i ny trase. I byggjetida er det mykje tungtrafikk til utbyggingsområder, og vi vurderer det difor ikkje som tilstrekkeleg at vegtiltaka ved Leiro er sikra gjennomført. Vi krevjer føresegna endra slik at tiltaka skal være ferdigstilt og dagens vegtrase ved Fløksand/Leiro skal vere avlasta før byggjeløyve.

I tillegg ber vi om at kravet vert utvida til å gjelde alle dei nye bustadområda i austre del av områdeplanen.

**Statens vegvesen meiner rekkjefølgekrava i områdereguleringsplan ikkje i tilstrekkeleg grad ivaretek omsynet til trygt og stabilt vegsamband. Vi ber difor Hordaland fylkeskommune varsle motsegn mot rekkjefølgekrava i planen.**

### **Byggjegranser langs fv. 248**

I vår uttale til oppstart bad vi om at byggjegrænse mot fv. 248 vart sett til 15 meter. Samstundes bad vi om at plangrensa langs fv. 248 levegen vart utvida i retning vest. Dette er ikkje teke til følgje i planframlegget. Vi ber konkret om at byggjegrænsene for områdene BKS5, BFS6b og BFS1a vert endra i samsvar med vårt krav. For område BFS1a gjeld dette også den strekninga der fylkesvegen ligg utanfor planområdet, sjå illustrasjon under.



*Byggjegrænse skal vere minst 15 meter frå vegmidte langs heile fv. 248.*

### **Andre merknader til planframlegget**

Statens vegvesen meiner at planframlegget generelt er for lite detaljert, spesielt når det gjeld vegnett. I områdereguleringsplaner skal offentlege veger vere regulert med same detaljeringsgrad som i detaljreguleringsplaner. Plankartet har fleire manglar som gjer det vanskelig å vurdere vegutforminga, til dømes påskrift av regulerte breidder, geometri- og siktkrav. Vegtekniske teikningar er ikkje lagt ved oversendinga.

I kryss mellom Eikelandsvegen og levegen, begge fv. 248, er det ordinær vikeplikt frå høgre. Siktsonene som er vist i plankartet samsvarar ikkje med dette. Dette må rettast opp.

Det må settast av areal til annan veggrunn – grøntareal langs fv. 248 i heile planområdet. Dette skal sikre areal til naudsynte vegtekniske installasjonar, grøft, skjering m.m. I planframlegget manglar dette langs delar av vegen/fortauet. Breidde på arealet vil kunne variere med terrengtilhøva. Tverrprofil vil gje grunnlag for å vurdere om annan veggrunn er tilstrekkeleg.

Fleire av omsynssonane som er omtalt i føresegnene er ikkje vist i plankartet, og kan ikkje vurderast.

### Oppsummering

Statens vegvesen ser vesentlege manglar med planframlegget, både som fagmynde for vegtransport og som forvalter av fylkesvegnettet. I tillegg meiner vi det er planfaglege manglar ved kartmaterialet.

Vi ber Fylkesmannen i Vestland fremje motsegn mot områdereguleringsplanen slik den føreligg. Vår motsegn som fagmynde er knytt til trygg skuleveg, der vi krevjer at:

- at områda BKS5 og BFS4 vert teke ut av planen
- det vert knytt rekkefølgekrav om at fv. 248, inkludert tilhøyrande gang- og sykkelveg skal vere ferdigstilt før utbygging aust for fv. 248

Vidare ber vi om at Hordaland fylkeskommune, som vegeigar, varsler motsegn til planframlegget knytt til:

- konflikt med framtidig vegutbedring for fv. 564 Rosslandsvegen
- behov for trygt og stabilt vegsamband ved Fløksand/Leiro

Statens vegvesen Region vest  
Med helsing

Nils Magne Slinde  
fung. regionvegsjef

Carl-Erik Nielsen  
fung. avdelingsdirektør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Likelydande brev sendt til  
Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Kopi  
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG